

MEININGAR POLITIKK ODDA NÆRINGSLIV

## Bakkegata 4A fortener full støtte!



Arkivfoto: Eli Lund

Av Terje Kollbotn  
25. september 2017, kl. 08:00 

**LESARINNLEGG: I somar** har Hardanger Folkeblad omtala ei historie som er i ferd med å bli meir og meir pinleg for Odda kommune.

Etter gode råd frå Næringshagen, sendte Helga S. Tverdal inn ein søknad til styret i Vekst- og strategifondet på eit tilskot på 2 mill. til restaurering og modernisering av Bakkegata 4A midt i Odda sentrum.

Denne summen utgjer under 10 % av dei samla byggekostnadane. Rådmannen innstilte på eit tilskot på 1,5 mill. Men fleirtalet i fondstyret (4 mot 3) gjekk diverre inn for blankt avslag utan nærare grunngjeving.

Mindretalet gjekk inn for utsetjing, sidan fondet mellombels mangla midlar. Midlar er no på plass. Helga S. Tverdal har klaga på avgjerda. Styret i Vekst- og strategifondet skal i dag ta stilling til klagen, og har høve til å fatte eit positivt vedtak.

**Søknaden** er nemleg svært god, grundig dokumentert og fortener all støtte. Eg vil trekkje fram nokre gode argument:

- **Bakkegata** 4A vart bygd midt i Odda sentrum som eit stort hospits (overnattingstad) heile året under den hektiske industrialiseringa før 1914. Huset er bygd i fem etasjar i særprega jugendstil og har diverre stått til forfall i mange tiår. Mange har kalla det eit skammens hus i Odda. No er det i ferd med å verta fornya på imponerande vis. Både særpreget og alle nye krav til bygningsmessig og universell utforming blir tatt vare på. Dette prosjektet er det største og viktigaste løftet for estetisk sentrumsutvikling i Odda på mange år. Alternativet hadde vore sanering av bygget. Det hadde vore ei fallitterklæring for heile Odda.

- **Odda** kommune har som strategi å medverke til å utvikle mange nye næringsaktivitetar og overnattingsstader i sentrum. Bakkegata 4A vil bli eit allsidig næringsbygg for detaljhandel, servering, utleige til kurs, helse- og velværetilbod og moderne leiligheter. Dette vil utan tvil vitalisere Odda sentrum, også utanom vanleg opningstid - og styrke Odda som regionsenter.

- **Søknaden** er og sendt til Hordaland fylkeskommune, med mål om tilsvarande tilskot (2 mill.) frå fylket. Eigenfinansieringa inkludert lån vil uansett vere over 80%. Gode søknader frå Odda til fylkeskommunen føreset at

Odda kommune gjer eit positivt lokalt vedtak. Hordaland fylke jobber gjerne for å styrke Odda som regionsenter, herunder sentrums- og næringsutvikling. Utan aktiv og positiv drahjelp frå Odda kommune, er det svært vanskeleg å få gehør hos fylkeskommunen. Det har vi mange døme på.

**Som kommune-** og fylkestingspolitikar for Raudt, vil eg difor oppmode styret i Vekst- og strategifondet om å imøtekome denne unike søknaden i dag. Det er ingen skam å snu - ikkje minst i ei sak som dette.

Terje Kollbotn (Raudt)

Skriv ditt lesarbrev her

DELTA I DEBATTEN! Vi oppmodar lesarane til å bidra med sine synspunkt, både på nett og i papir

Lik Hardanger Folkeblad på Facebook

Lik dette 5,2 tusen personar likar dette. Registrer deg for å sjå kva venene dine likar.

Les meir om: [meiningar](#) [politikk](#) [Odda](#) [næringsliv](#)

Sjå kommentarar

Fleire saker



Denne ble redninga for rasfaste tyssedøler lille julaften

ANNONSE

